

AVGJERD nr. 175**2001/EØS/51/02****av 23. juni 1999**

om tolking av omgrepet «naturalytingar» ved sjukdom eller svangerskap og fødsel som er nemnt i artikkel 19 nr. 1 og 2, artikkel 22, artikkel 22a, artikkel 22b, artikkel 25 nr. 1, 3 og 4, artikkel 26, artikkel 28 nr. 1, artikkel 28a, artikkel 29, artikkel 31, artikkel 34a og artikkel 34b i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71, og om utrekning av refusjonar i medhald av artikkel 93, 94 og 95 i forordning (EØF) nr. 574/72 og betaling av forskot i medhald av artikkel 102 nr. 4 i den same forordninga(*)

(2000/142/EF)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA FOR TRYGD FOR VANDREARBEIDARAR HAR —

med tilvising til artikkel 81 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordninger på arbeidstakere, selvstendig næringsdrivende og deres familiemedlemmer som flytter innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, der han vert pålagd å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som melder seg i samband med forordning (EØF) nr. 1408/71 og seinare forordningar,

med tilvising til artikkel 36 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 1408/71 og ut frå desse synsmåtane:

Avgjerd nr. 109 av 18. november 1977 må reviderast for å ta omsyn til at Domstolen til Dei europeiske fellesskapa i dommen sin av 5. mars 1988 i sak C-160/96 (Molenaar) har slått fast følgjande:

- naturalytingar frå pleietrygda har til føremål å utfylle ytingar frå sjuketrygda med sikte på å betre helsetilstanden og livskvaliteten til pleietrengande personar, og bør på desse vilkåra sjåast på som «ytingar ved sjukdom» i medhald av artikkel 4 nr. 1 bokstav a) og b) i forordning (EØF) nr. 1408/71,
- naturalytingar frå pleietrygda omfattar direkte betaling for eller refusjon av visse utgifter som den trygda har fordi han eller ho er pleietrengande, særleg utgifter til medisinsk behandling som følgje av dette. Slike naturalytingar, som skal dekkje pleie for den personen det gjeld (både i heimen og i spesialiserte institusjonar), innkjøp av utstyr og utføring av arbeid, høyrer inn under omgrepet «naturalytingar» i medhald av dei relevante artiklane i avdeling III kapittel 1 i forordning (EØF) nr. 1408/71,
- heimehjelp i samsvar med tysk lovgjeving om sjuketrygd bør reknast som naturalyting ved sjukdom.

For å gjennomføre artikkel 19 nr. 1 og 2, artikkel 22, artikkel 22a, artikkel 22b, artikkel 25 nr. 1, 3 og 4, artikkel 26, artikkel 28 nr. 1, artikkel 28a, artikkel 29, artikkel 31, artikkel 34a og artikkel 34b i forordning (EØF) nr. 1408/71 bør omgrepet «naturalytingar» ved sjukdom eller svangerskap og fødsel ha heilt lik tyding i alle medlemsstatane.

Omgrepet naturalytingar ved sjukdom eller svangerskap og fødsel må difor omfatte ytingar frå pleietrygda, så framt dei stettar dei objektive kriteria som Domstolen nyttar, utan omsyn til korleis dei er klassifiserte i den nasjonale lovgjevinga som dei høyrer inn under.

Denne avgjerda er teken på dei vilkåra som er fastsette i artikkel 80 nr. 3 i forordning (EØF) nr. 1408/71 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. Dei naturalytingane ved sjukdom eller svangerskap og fødsel som det skal takast omsyn til ved fastsetjing av dei refusjonane som er nemnde i artikkel 93, 94 og 95 i rådsforordning (EØF) nr. 574/72⁽²⁾, er dei ytingane som vert rekna som naturalytingar etter den nasjonale lovgjevinga som vert nytta av den institusjonen som har gjeve ytingane, så framt ytingane kan oppnåast i

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 47 av 19.2.2000, s. 32, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 86/2000 av 27. oktober 2000 om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 2 av 11.1.2001, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 149 av 5.7.1971, s. 2.

⁽²⁾ TEF L 74 av 27.3.1972, s. 1.

samsvar med føresegnene i artikkel 19 nr. 1 og 2, artikkel 22, artikkel 22a, artikkel 22b, artikkel 25 nr. 1, 3 og 4, artikkel 26, artikkel 28 nr. 1, artikkel 28a, artikkel 29, artikkel 31, artikkel 34a og artikkel 34b i forordning (EØF) nr. 1408/71.

2. Følgjande ytingar skal òg reknast som naturalytingar i medhald av dei førnemnde artiklane i forordning (EØF) nr. 1408/71:
 - a) naturalytingar frå pleietrygda som gjev rett til heil eller delvis direkte betaling for visse utgifter som følgjer av at den trygda er pleietrengande, og som han eller ho kan dra direkte nytte av, t.d. til sjukepleie og hjelp i heimen eller pleie og hjelp i spesialiserte institusjonar, til innkjøp av pleieutstyr eller til utføring av arbeid som er knytt til tilrettelegging av bustaden; føremålet med denne typen ytingar er hovudsakleg å utfylle naturalytingar frå sjuketrygda med sikte på å betre helsetilstanden og livskvaliteten til pleietrengande personar,
 - b) naturalytingar som ikkje vert gjevne på grunnlag av pleietrygd, men som har dei same særtrekka og føremåla som dei ytingane som er nemnde i bokstav a), så framt dei kan reknast som naturalytingar frå trygda i medhald av forordning (EØF) nr. 1408/71 og kan oppnåast på same måte som dei ytingane som er nemnde i bokstav a), i samsvar med føresegnene i dei førnemnde artiklane i forordning (EØF) nr. 1408/71.

Dei naturalytingane som er nemnde i bokstav a) og b), skal reknast med i dei utgiftene som er nemnde i nr. 1.

3. Administrasjonskostnader og kostnader til administrativ og medisinsk kontroll og eventuelle eigendelar som den trygda har betalt sjølv, skal ikkje takast med i utrekninga av dei refusjonane som er fastsette i artikkel 93, 94 og 95 i forordning (EØF) nr. 574/72.
4. I utrekninga av dei gjennomsnittlege kostnadene som er nemnde i artikkel 94 og 95 i forordning (EØF) nr. 574/72, skal dei tilleggsytingane ved sjukdom og svangerskap eller fødsel som er fastsette i dei interne vedtektene eller reglane til institusjonane, takast med i dei samla årlege utgiftene til naturalytingar ved sjukdom og svangerskap eller fødsel.
5. Utgifter til medisinsk forskning, tilskot til institusjonar for førebyggjande helsevern som skal gå til allmenne folkehelseiltak som vert sette i verk uavhengig av trygdeinstitusjonane, og utgifter til allmenne tiltak som ikkje har samanheng med ein særskild risiko, skal ikkje takast med i dei samla årlege utgiftene til naturalytingar ved sjukdom og svangerskap eller fødsel.
6. Refusjonar til andre medlemsstatar i samsvar med forordningane eller med tosidige eller fleirsidige avtaler, skal ikkje takast med i utrekninga av dei gjennomsnittlege kostnadene.
7. Utrekninga av refusjonar skal i størst mogleg grad byggje på dei offisielle statistikkane og rekneskapane til institusjonane på opphaldsstad eller bustaden og helst på offisielle data som er offentleggjorde. Det skal gjevast opplysningar om kjeldene til dei statistikkane som er nytta.
8. Storleiken på dei forskota som skal betalast ut i medhald av artikkel 102 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72, skal reknast ut ved å multiplisere den seinast godkjende gjennomsnittlege kostnaden med det seinaste kjente talet på trygda personar, slik det går fram av opplysningane frå dei institusjonane som har ansvaret for å utarbeide listene over dette.
9. Denne avgjerda tek til å gjelde første dagen i månaden etter at ho er kunngjord i Tidend for *Dei europeiske fællesskapa*. Avgjerd nr. 109 av 18. november 1977 vert bytt ut med denne avgjerda.

Arno BOKELOH

*President
for Den administrative kommisjonen*